


# Kyrkjeblad for Lom

Nr. 2 2020

Høverdalen - Lom - Garmo

79. årgang



KAJA  
1. KLASSE



# BIBELN I SPRÅKET

## Kreti og pleti

Kreti og pleti vert brukt om ein samansett folkehøp, eller ei gruppe med ulike menneske.

Opphavet til uttrykket finn ein i GT. Her vert det brukt om kong David sine livvakter som kom frå ulike nasjonar.

Kreti er truleg menn frå Kreta, mens pleti er peletearar eller filistarar. Kreti og pleti er hebraisk, men vart brukt i eldre bibelutgåver utan at uttrykket vart omsett.

Det er nok årsaka til at vi har det i språket vårt. I nyare bibelomsettingar er kreti og pleti no omsett med livvakter.

Kjelde:

Smemo, D. «Bibelord i dagligtale», Bibelselskapets forlag.

## Lom kyrkjekommune på vipps:



Ofring: 132954

Blomefondet: 533520

Dersom du ynskjer å stå på lista til blomefondet, lyt du ringa det inn til banken på telefonnummer 61 21 90 00.

## LOM KYRKJEKOMMUNE

Trefftid på KYRKJEKONTORET  
3. etasje på Midtgard måndag til fredag  
kl. 10:00 - 14:00

Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom

Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD

Bente K. S.Ovesen tlf. 979 77 213

bente@spiterstulen.no

SOKNEPREST

Harald Schøien, tlf 915 98 927

soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE

For tida i permisjon

TRUSOPPLÆRAR

Endre Skjåk, tlf 901 35 738

endre.skjak@skjaak.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR

Guri Husom, tlf 481 65 528

kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

ORGANIST

frå 1. desember Reidar Svare

KYRKJETENARAR

Jonas Fjeld og Terje Blakarstugun

tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75

kl. 10:00 – 14:00

tlf. Garmo og Bøverdøl kyrkjer,

400 62 194 kl. 10:00 – 14:00

kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET(merk "blomefond")

konto: 2085.07.11772

KYRKJEBLADET(merk "kyrkjeblad")

konto: 2085.07.11772

Bladpengar pr år:

Innanbygds: 150,-

Utanbygds 200,-

Utanlands 250,-

OMVISARTENESTA

Tlf. 97 07 53 97

booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

KYRKJEBLAD FOR LOM

Redaksjonsgruppe: Runa Smedsmo, Anne

Sulheim, Oluf Reidar Kvålshagen, kyrkje-

lydssekretæren og soknepresten

UTFORMING/SIDEOPPSETT

Rønnaug Nytnes & Guri Husom

TRYKK

Dale-Gudbrands Trykkeri as,

tlf. 61 27 73 50 lasse@dg-trykk.no

# Presten sine tankar

## Presten er ikke viktig, men nødvendig!

Du verden så fint det er å være vikarprest i Lom!  
Gode medarbeidere, urimelig flott bygd og mange som tar godt vare på en fremmedkar i bygda.  
Men det er litt rart; jeg vet jo hele tiden at her trengs en prest som hører til på en helt annen måte.  
Ikke fordi presten er en viktig person, i en menighet er det helt andre enn presten som er viktige.

Det er kirkegjengerne som skaper gudstjenester, ikke presten.  
Det er konfirmantene som skaper konfirmasjonsfester, ikke presten.  
Det er nattverd gjestene som skaper fellesskapet, ikke presten.  
Det er dåpsbarna som er framtida og veksten, ikke presten.  
Det er de sørgende som trenger avskjedsstund, ikke presten.

Det er ikke presten som er viktig i noe av dette, men du verden så nødvendig at prestatjenesten blir gjort slik at det viktige kan hende.

I prestegarden er det for tiden mange tomme rom:  
De trengs ikke for en enslig vikar, så det er greit nok. Men det er rart å gå inn der å slå på lyset, for lampene mangler, det er ingen vits med brytere på veggen.

Bygda er heldigvis ikke som prestegarden.  
Det er lyspunkter nok! Men det trengs både tid og tilhørighet å koble på. Det blir både slitsomt og ganske meningsløst når bryteren er det som stadig skal skiftes.

Å være prest er litt sånn tilværelse som lysbryter:  
Det er ikke bryteren som er viktig. Bygda er full av gode nødvendige og veldig viktige lyspunkter.

De fortjener en bryter som når vidt og syns lite. Ikke viktig, men veldig nødvendig!

*Harald Schøien*



# Konfirmasjon 2020

Då vi såg verknaden koronaviruset fekk på samfunnet vårt, fekk vi signal frå Hamar bispekontor om å utsetje konfirmasjonsdagane til no i haust. I Lom kyrkjekommune vart det difor festdagar for ungdommane våre fyljande dagar: Bøverdalen kyrkje laurdag 29. august og Garmo kyrkje laurdag 05. september. I Lom kyrkje er det konfirmasjon laurdag 26. september kl. 11:00 og 13:00.

## **KL. 11:00**

Linnea Katharina Aukrust  
Inga Byre Forberg  
Magnhild Moen Helland  
Amund Helstad  
Stian Kvamme  
Asmund Moen

## **KL. 13:00**

Pia Johannessen Mork  
Celine Svaet  
Silje Aaboen  
Viljar Smedsmo Vinsrygg  
Ola Vole  
Marius Øyen

# Dåp



- Du må'kje hå ut vesl'jenta før for ho er kristna!  
 Dette sa ei eldre kjerring på 1950-talet til ei som akkurat hadde blitt mor.  
 Det var slik dei tenkte før.

Ungen skulle helst døypast så fort som råd. Kanskje var det gamal overtru som hekk att. Dei trudde at mange slags vonde makter kunne skade det udøypte barnet. Dei kunne leggje ei salmebok, stål eller sylv i vogga for å verne barnet. Ein gamal dåpslinde som var med på ei utstilling her i Lom for ein del år sia, hadde ei lomme i eine enden. Der var det plass for eit salmebokblad som nettopp skulle verne barnet mot usynlege fiendar. Elles meinte dei at barnet aldri måtte vera einsleg inne. Dei var mellom anna redde for at dei underjordiske skulle byte sin eigen unge med det vesle nyfødde barnet før det var døypt. (Jf. uttrykket: Din byting!)

*«Så seint som under siste verdskrigen fanst det spor etter slike forestillingar her i sokna. ... Dei eldste minnest mange rådgjerder for å verna om det udøypte barnet. For å hindre at vonde makter skulle få makt over barnet, laut ein vigsle badevatnet med ei glo før ein skvetta det ut; ein måtte ikkje klyppe hår eller neglar før det var kristna. ... Og fyrste gongen ein tok i eit barn, døypt eller udøypt, måtte det gjerast i Jesu namn,»* skriv Jarnfrid Kjøl.

Men det at borna måtte døypast så fort etter fødselen, kan òg ha sitt opphav frå kyrkja. Det vart hevda at dåpen var nødvendig for frelsa. Alt i mellomalderen vart det vanleg med tidleg dåp. Lova slo fast at foreldra hadde plikt til å døype borna. Også etter reformasjonen heldt dei fram med å døype borna tidleg. I 1687 kom Christian V med ei lov som sa at foreldre måtte få barnet døypt innan 8 dagar etter fødselen. Føresetnaden var sjølvsagt at det var gudsteneste. Om ikkje barnet vart døypt, måtte foreldra betale ei bot. Alle skulle altså døypast! På 1700-talet lempa dei på vedtaket om 8 dagar, og sa at foreldra sitt skjønn skulle leggjast til grunn. Truleg kom dette fordi mange ikkje greidde å halde den gamle fristen. - Korleis dette fungerte her i Lom, er ein usikker på. I den eldste kyrkjeboka frå Lom, finn ein oversikt over døypte frå 1733. Men her står berre datoen for dåpsdagen. Fødselsdatoen til barnet vart ikkje notert. Av den grunn veit vi ikkje kor gamle dåpsbarna var. Men frå 1815 finn ein fødselsdatoen i kyrkjeboka. Da ser det ut for at dei fleste borna vart døypte innan dei var eit par veker gamle. Det endra seg gradvis, og frå 1860-talet var dei fleste dåpsbarna 4-6 veker gamle. I boka «Garmo kyrkje og sokn» står det: «Da det ikkje lenger var nødvendig å døype borna så tidleg, slutta vårdølane med å reise den lange vegen til hovudkyrkja med dåpsborn. I staden døypte dei borna ved fyrste høvet i Garmokyrkja.»

I den eldste kyrkjeboka for Lom kan ein lese:

## Anno 1733 - Døbte Drengbørn

April 2.            *Jacob Bersvendsens barn – Bersvend. Fadderer: Ole Hoft, Knud Hole, Johannes Gouper - Anne Gouper, Bridt Ødejorde, Ingebor Hoft*

Jacob Bersvendsen er den kjende treskjeraren, Jakup Klukstad, som m.a. har skåre ut altartavla og preikestolen i Lesja kyrkje. Da eldste sonen vart døypt i 1733, budde Jakup med familien sin på husmannsplassen Holen under Hoft. Seinare flytte dei til Lesja. - Som vi ser, var faren sitt namn notert fyrst, så barnet sitt. Deretter står fadrane. Men namnet til mora finn ein ikkje. Dåpsdagen var ikkje mora med til kyrkja. Men under «Introduserede Qvinder» lenger bak i kyrkjeboka ser vi at «Jacob Bersvendsens Quinde» vart introdusert den 10. mai. Det var 5-6 veker etter dåpen, og eit nokså vanleg tidpunkt for mødrene sin fyrste kyrkjegang. Men vi kjenner namnet til mora, for 18. mars 1733 er Jacob Bersvendsen og Anna Knudsdatter registrerte under «Trolovede». I juni året etter gifta dei seg.

I samband med m.a. barnedåp og introduksjon skulle presten ha betaling eller spotlar som det vart kalla. Det var ein del av inntekta til presten. Oddbjørg Blakar skriv om dette:

*«Ved dåp som ved giftarmål vart det ofra både til presten som til klokkaren, og da dobbelt så mykje til presten som til klokkaren. Av dette kjem ordet om at «når det regnar på presten så dryp det på klokkaren.» Under ofringa bar jentefadderer med seg dåpsbarnet rundt altaret. Ved dåpen gjekk gutungane føre jentene, og det barnet skulle gå fyrst som kom frå heimen med flest sysken.»*

Det var lange avstandar i dette prestegjelet. Jacob Bersvendsen budde i Medalen. Vegen til kyrkja var lang og krevjande med ein liten unge. Fyrst i april kunne dei neppe nytte isen på Bøvra. Den gamle kløvvegen i Bøverdalen gjekk over berg og kleiver og kunne kanskje vere glatt på den tida av året. Men om vegen var krevjande for dei som budde i Medalen, var den om lag dobbelt så lang for dei frå ytst i Leirdalen eller øvst i Bøverdalen. Dåpsbarnet vart helst frakta på hesteryggen. Det kunne nok vera utfordrande å ri med eit lite nyfødt barn den lange vegen i alt slags vêr og på ymse føre. Ein kjenner til at rideføre kvinnfolk tok på seg å føre dåpsbarn til kyrkja. Barbro Rolvsdotter som vart gift til Brenna i Leirdalen i 1822, var ei av dei som tok på seg denne oppgåva. Det var eit stort ansvar. Det har vore hevda at den lange dåpsferda med ein så liten unge i alt slags vêr kunne gjere ungen alvorleg sjuk. – Elles kan ein undrast på korleis dei ordna seg med mat til dåpsbarnet. Dei som hadde lengst veg til kyrkja, var nok borte størstedelen av dagen. Og mora, - ho var att heime. Men barnet skulle til kyrkja for å døypast. Kyrkja sa at barnet måtte døypast, og foreldra ynskte sjølv sagt det beste for barnet og såg det som viktig for å verne ungen.

Lom Heimbygdslag  
ved Anne Sulheim

Kjelder:

Blakar, O. «Heim og bygd» 1992: 3-5

<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Dåp>

Storlien, S. «Heim og bygd» 2005: 66

Kjøk, J. «Garmo kyrkje og sokn» 1979: 133-134

Kolden, J. «Bygdabok for Lom» bind 4:160-161



Døypefonten i Garmo kyrkje vart laga av Ola Byrø. Dåpsfatet var fyrst på av blick, men i 1914 fekk kyrkja eit nytt i gåve. Det er i hamra koppar. - Da Garmo kyrkje stod ferdig bygd i 1879, flytte dei fyrst opp døypefonten frå den gamle kyrkja. Den er frå mellomalderen og laga i kleber. Men så gav kommunestyret den gamle døypefonten i gåve til Oldsaksamlinga. I dag står den i kyrkja på Maihaugen.





Døypefonten i Lomskyrkja er truleg frå fyrst på 1600-talet, og laga i tre. Dåpsfatet kan ha kome frå Tyskland. I mange år har det vore brukt eit fint dreia trefat. No er det kome på plass eit fint fat i tinn. Eit spleiselag frå Terje Blakarstugun og Lom kyrkjelege råd.



Døypefonten i Bøverdalskyrkja er i tre. Kanskje har den vore i kyrkja sidan ho stod ferdig bygd i 1864? Men dette er vi usikre på.

Tidlegare var dåpsfatet av tre. Men i 1979 fekk kyrkja eit nytt fat i gåve. Det er flott dekorert i siselert messing laga av Reidar Nyrnes.

# Kyrkja i koronatid

Rett før Koronaen slo oss ut, kom det ny vikarprest til oss, Harald Schøien. I starten var han litt frustrert sidan han ikkje kunne halde messer og soleis få treffe bygdefolket. Fyrst kom han til oss med 5 tekster som vi forstørta litt og hengde opp i portane inn til kyrkjene fyrst i påskeveka. Desse har vi fått mange fine attendemeldingar på. Så ynskte han å ha open kyrkje nokre dagar sist i påskeveka. Det kom innom nokre for å helse på. Noko han vart veldig glad for.

I vår stab var det Harald som kom med ideen om å strømme messer. Det vart gjort med stor lykke alle gongane. Vi har strømmen frå alle tre kyrkjene våre, og fått attendemeldingar frå utflytta folk, amerikanarar og jamvel ein russar. Vi fekk god hjelp til dette digitale opplegget av Steinar Hov. På alle messene stilte fleire songarar frå Lomsklangen opp for å få fin salmesong ut til folk.

I "nordavind frå alle kantar" hadde vi Drive-in messe på kyrkjevollen 1. påskedag. Teltet over prest, organist og songarar stod i fare for å blåse bort, så det vart tjora i 2 bilar. Organist denne dagen var Vemund Olav Aukrust. Han vart diverre eit noteark fattigare. Men dei framkomte som sat i bilane sine såg ut til å vera tilfredse. Rundt 50 personar var samla denne dagen.

Ei tid hadde vi restriksjonar på 50 personar i tillegg til dei tilsette og dei frivillige. Dette gjekk bra i ei vanleg messe og i messer med dåp. Vi skulle eigentleg vera med å feire 12 brurepar i kyrkjene våre denne sumaren, men det er redusert til 3, kanskje 4. Det vi tykte var absolutt vanskelegast med denne situasjonen, var gravferdene. Det å vera pårørende å måtte velje kven du ynskjer å invitere, var vanskeleg. Og det er nok mange som hadde ynskt dei kunne koma til kyrkja ved gravferd for å ta avskil med ein dei kjende, men som ikkje fekk høve til det.

Pr. dags dato har vi høve til å sleppe inn opp mot 200 personar i kyrkjene at. Vi har lagt oss på 100 personar i Lomskyrkja og 70-80 i Garmo og Bøverdalen. Men det skal framleis vera 1 meters avstand mellom folk som ikkje er i same husstand. Antibac skal og nyttast.

Vi har høve til å nytte salmebøkene, men etter å ha vore i bruk, må dei i eit døgn karantene.

Vi kryssar fingrar for at alle er flinke til og overhalde smitteverngreglane alle plassar i samfunnet og at dette viruset ikkje blussar alt for mykje opp att no når hausten er komen. Gjer det det, kan retningslinene våre verte endra på kort varsel.

## Plantedugnad

Det har vore plantedugnad på alle tre kyrkjegardane no i juni. Det vart fine dagar og stor innsats. Dette er noko vi har kvar vår, og det er viktig for å ha så fine og velstelte kyrkjegardar som det er i Lom kommune. I år hadde vi satsa på planting over fleire timar, eit «Koronatiltak», som viste seg å vere svært vellukka. Det vart god tid både til planting og prat, og mange gav uttrykk for at dette var både verdig og triveleg. Men vi kunne ynskt oss at det var enda fleire som hadde hatt høve til å vere med. Kyrkjerådet kjem truleg til å legge opp til lengre plantetid også seinare år, og da håper vi at vi og kan servere kaffe. Det sakna vi i år.

Takk til alle som var med på dugnad i 2020.

Lom Kyrkjelege Råd  
Bente



## Omvisartenesta og kyrkjegardstilsett

Grunna Korona-utbrotet vart alle utanlandske bestillingar i kyrkja avlyst til utpå hausten. Det har vore innom nokre få tyske bussari sommar. Dette innebar mellom anna at vi ikkje kunne ta inn så mange omvisarar denne sommaren. I tillegg til dei 3 som har vore med oss i fleire sesongar, var det dette året 7 lokale ungdommar som hadde søkt på stillingane i kyrkja. Vi var veldig takksame for søknadane vi fekk, og hadde problem med å velje kven av dei som skulle få arbeid. Vi brukar å ha 8-9 omvisarar kvar sommar. Denne sommaren vart det 4 stykker. Sindre Banken, Magnus Mundal, Jens Gunnar Øygaard og Einar Magnus Aukrust. I tillegg har Lars Bakkom vore tyskguide ved behov, og Julianna Flatmo Banken har vore med på haustsida. Vi takkar dykk alle for godt utført arbeid. Både vi og omvisarane håpar på ein litt meir hektisk sommar neste år.

## Blomefondtilsett på kyrkjegarden

Blomefondet har hamna på minussida, og med store tapte inntekter i omvisartenesta måtte vi spare der vi kunne denne sommaren. Det har som vanleg vore vatna med vasspreiarar ved behov, og graset vert klypt ein gong i veka. Det vart innleigd hjelp i dei vekene som kyrkjetenar Jonas hadde ferie.

## Utdrag frå kyrkjegardsvedtektene

### §5 PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Plantefeltet må ikkje vera breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm målt frå bakkanten av gravminnet.

Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet. Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting, så som liggjande plater, blomsterurner, lykter m.v. i plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Det skal ikkje vera noko form for innramming av ei grav eller eit gravfeste.

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar, har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvaret for. Så langt midlar frå minnegåver(Blomefondet) strekk til, syter soknerådet kvart år for planting på alle graver og vedlikehald av plantefelta i veksttida.

## Terje Blakarstugun

Organisten vår, Terje Blakarstugun ynskjer å gå av med pensjon frå 1. oktober i år. Heldigvis trapper han ned slik at han fortsett i stillinga som kyrkjegardsarbeidar og han lovar å stille opp når vi treng hjelp med musikken. Det betyr at han med si lange fartstid i Loms- kyrkjene vil halde fram som kunnskapskjelde og rådgjevar både for oss andre tilsette og for folk som ferdast på kyrkjegardane og ved kyrkjene.

Når han no tek fri frå orgelkrakkane i bygda så betyr ikkje det at vi tek farvel med Terje som kyrkjeleg medarbeidar, så i denne omgangen ynskjer vi berre Terje lykke til med litt rolegare dagar og gler oss over å halde fram i samarbeidet i kyrkjestaben.

Ny orgnaist er Reidar Svare.



# Trusopplæringa

Av trusopplærar Endre Skjåk

## Såing med 4-åringane i Lom

Onsdag 3. juni var det planting på kyrkjegarden i Lom. I høve dette inviterte trusopplæringa i Lom 4-åringane i kommunen til å kome og så si eiga solsikke som dei fekk med heim. I tillegg var dei med og sådde blomar i krukkene kring vassposten inne på kyrkjegarden. Det blir spanande å sjå kva som kikar opp der fram gjennom sumaren. Kanskje ungane ser innom og passar på blomane sine ein gong i blant og. Det var i alle fall stor iver på dei som møtte fram og vi fekk ei triveleg og roleg stund i lag der vi også song eit par singlar, blant anna "Kven har skapt alle blomane." Denne vart utvida med eit vers om alle markane da ein av ungane fann ei åme som måtte få vera med i songen. 4-åringane i kommunen vert bedne attende over sumaren for å få kvar si bok frå kyrkja. Vi håpar så mange som råd vil kome att då, både dei som kom no og dei som ikkje hadde høve til å ta del i såinga. Då vil vi og syngje "Kven har skapt..." att og kanskje vi får pynta kyrkja med teikningar av blomane som har kome fram som eit under frå dei små frøa.



## Bibelutdeling



Alle 9-åringane i Lom med tilknytning til kyrkja har vore invitert for å motta teikneseriebibel. Desse vart utdelt på tre messer i Bøverdalen og Garmo. Undervegs var 9-åringane sjølve med på å forme messe gjennom deltaking på song og med å dramatisere dagens bibeltekst der borna var disiplar og presten deltok i birolla som Jesus. Vi kunne nok tenkt oss fleire frammøtte blant desse dagane og dette skuldast nok delvis at informasjonen gjekk for seint ut no som postgangen er som den er. Enkelte enda difor opp med å få invitasjon fyrst etter at tiltaket var gjennomført, noko som førde til at vi inviterte dei attende til den tredje messa. Det blir arbeid med alternative måtar å spreie informasjon om kyrkja sine tiltak innan trusopplæring gjennom året for å betre dette. Utover sein informasjon vart det tre trivelege, familieprega messer der 9-åringane gjorde ein god innsats og til og med fekk med seg resten av kyrkjelyden som deltakande i messeavviklinga gjennom songrøysler. Teikneseriebibelen formidler sentrale utdrag frå Jesu liv og bibelsoga ellers gjennom tekst og bilete.


## Trusopplæringa framover

Laurdag 17. oktober håpar vi å kunne invitere 5-åringane til bakedag. Der skal vi bake mellom anna nattverdsbrød til messa dagen etter. Vi bakar litt anna og som vi skal kose oss med etter bakeøkt.

Sundag 18. oktober håpar vi at mange 4-åringar kjem til kyrkja for å få 4 års boka si. Kanskje nokon av dei som var på såinga i vår, har att levande blomar dei kan ta med til kyrkja. Eller kanskje ei teikning av dei?

Sundag 29. november vil vi invitere 3-åringane til Lomskyrkja på ljosomesse. Der vil dei få kvar sin adventskalender av oss.

Invitasjon kjem i posten.



**STØRST AV ALT**

### LITT SALMESANG - LITT TANKESPINN - OG EN KAFFESKVETT.

Høstens tilbud til samlinger i kyrkjelydshuset.

Onsdag 30. sept.

Dikt og forbannet løgn: salmer og poesi til glede og forstand.

Noen ganger er fantasien det sanneste vi har.

Onsdag 28. oktober

Ønskekonsert fra salmeboka: Vi lærer litt nytt og synger litt kjent med Reidar som guide.

Onsdag 25. november

Kierkegaard Wyller og vi: store tanker for enkle hjerner

Vi nynner på og tygger på andres kloke tanker.


Tidspunkt blir annonsert i Fjuken sammen med messene våre.

## Fyrsteklassingane på kyrkjebesøk

Kvart år har Loar skule ei Lomsveke der elevane lærer om bygda si. I samband med dette var fyrsteklassingane på besøk i Lomskyrkja tysdag 9. juni. Der fekk dei høyre litt om kva kyrkja og ei stavkyrkje er og korleis ho har vorte og blir brukt. Omvisinga vart i stor grad bygd opp kring det dei sjølve lurde på, og det var ikkje lite. Her måtte ein prøve å finne svar på alt frå korleis ein kunne byggje så høgt utan stige og lift, kvifor Jesus måtte døy og kvifor ordet kyrkje liknar så på ordet kysse.

Vi set svært stor pris på at dei unge lomværane vil lære om kyrkjebygget sitt og dei fekk da også sjå seg rundt der andre vanlegvis ikkje slepp til, mellom anna sakristiet og orgel-laupen. I det heile teke er det sjølvsagt utruleg spesielt at ein har eit kyrkjebygg i bygda der forfedrane har samla seg kring dei store hendingane i livet gjennom fleire hundre år, og det er gledeleg at nye generasjonar fortset å ha ei tilknytning til kyrkjebygget om dei er medlemmar i kyrkja eller ikkje.

Elevane ville og gjerne lage teikningar frå kyrkjebesøket og dei får vi sjå her i kyrkjebladet, mellom anna på framsida. Bileta er og stilt ut i Lomskyrkja, og vil bli hengjande til sist i oktober.



# Ord frå presten

Hva var det Fjuken skrev om den nye presten i Lom? "Ei gammal skravlebøtte" var vel kortversjonen.

Og det verste er at det er sant, jeg er både gammel og liker å prate. Alderen får vi ikke gjort noe med og så kan jeg avbrytes både i kirka og ellers når det blir for mye eller feil.

Nå håper jeg jo at jeg kan bidra med noe mer enn dette og at jeg ikke er for gammel til å ta imot råd og til å lære noe. Erfaringene mine har jeg fra 46 år som prest, men de fleste årene har jeg hatt løsarbeiderjobber i kirken. Det betyr at jeg har hatt veldig mange små og store oppdrag både i og utenfor kirken. Det har handlet om bibeltimer og foredrag, men mest om bruk av teater og drama. Jeg har skrevet og instruert og spilt teater for kirkelige sammenhenger både lokalt og sentralt. Sammen med kona mi, som er musiker, har vi laget mange konfirmantopplegg med musikal og undervisning som en helhet. I konfirmantarbeidet har det handlet om å jobbe for å gjøre kirken til et

sted der det er lov å være forskjellige mer enn å passe inn i gamle mønstre.

Jeg tror på en kirke som kan være åpen og tåle mennesker slik som vi faktisk er fordi vi har en Gud og et budskap som ikke forandres og dermed er trygt nok til at ingen behøver å bli noe annet for å høre til. I gudstjeneste og menighetsliv ønsker jeg å sette det Hellige framfor det høytidelige og jeg vil gjerne bidra til å vise at det som er mest alvorlig i livet ikke behøver å være trist, men faktisk inneholder både latter og glede uten at alvoret blir borte.

I bygda innser jeg at jeg nok dessverre aldri kommer lengre enn til å være en privilegert turist; tusen takk for alle som har tatt så positivt imot meg, vist meg til rette og gitt meg muligheter som andre turister aldri ville fått.

Og takk for den tilliten jeg har møtt, jeg håper jeg kan være verd den.

*Harald Schøien*

## Konfirmantar 2021

Onsdag 17. juni inviterte vi neste års konfirmantar med foreldre til informasjonsmøte i Lomskyrkja. Der fekk dei informasjon om korleis konfirmanttida i Lom går føre seg, med ymse turar, undervisningstimar og andre faste opplegg vi har. Vi har vanlegvis stor oppslutnad om konfirmasjon i Lom kyrkjekommune. Tysdag 1. september inviterte vi ungdommane til kyrkjekontoret for å meldte seg på til konfirmantundervisninga. I siste liten flytta vi denne innskrivinga til kyrkjelydshuset, slik at det ikkje vart så mykje folk gåande i dei smale gangane på Midtgard.

## Konfirmantplan hausten 2020

### September:

Sundag 20. Presentasjon av konfirmantane i Garmo kyrkje kl. 19.00

### Oktober:

Torsdag 1. konfirmanttime 14.45 – 16.30. Tema: kva meiner kyrkja om folk. (menneskesyn)

Laurdag/sundag 3.-4. Konfirmanttur til Trondheim

Torsdag 15. konfirmanttime 14.45-16.30. Tema: Då Jesus kom til Noreg (å forstå tru)

Torsdag 29. konfirmanttime 14.45-16.30. Tema: Om tru og vit. (Heilag Ånd og sunn fornuft)

### November:

Torsdag 12. konfirmanttime 14.45- 16.30. Tema: Kvar kjem folkeskikken frå (om bud og gruppepress)

Torsdag 26. konfirmanttime 14.45-16.30. Tema: Kunsten å lite på kvarandre (tryggleik og tilgjeving)

Sundag 29. Ljosmesse Lom Kyrkje kl. 15.00. Konfirmantane møter kl. 14.00

ljosome Garmo kyrkje kl. 18.00. Konfirmantane møter kl. 17.00

### Desember:

Sundag 6. Ljosmesse Bøverdalen kyrkje kl. 18.00. Konfirmantane møter kl. 17.00

# GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen. **Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.**

## Sundag 20.09.

GARMO KYRKJE kl. 19:00. Konfirmantpresentasjon.  
Offer til konfirmantarbeidet.

## Laurdag 26.09.

LOM KYRKJE kl. 11:00. Konfirmasjon.  
Offer til konfirmantarbeidet.

LOM KYRKJE kl. 13:00. Konfirmasjon.  
Offer til konfirmantarbeidet.

## Sundag 18.10.

LOM KYRKJE kl. 11:00.  
Offer til TV-aksjonen. Utdeling av 4-årsbok.

BØVERDAL KYRKJE kl. 14:00.  
Offer til TV-aksjonen.

## Sundag 01.11

LOM KYRKJE kl. 19:30. Helgemesse.

## Sundag 15.11

BØVERDALEN KYRKJE kl. 11:00.  
Offer til kyrkjebladet.

GARMO KYRKJE kl. 14:00  
Offer til kyrkjebladet

## Sundag 29.11

LOM KYRKJE kl. 15:00. Ljosmesse. Utdeling av kalender til 3-åringane. Offer til eige arbeid.

GARMO KYRKJE kl. 18:00. Ljosmesse.  
Offer til eige arbeid.

## Sundag 06.12

BØVERDAL KYRKJE kl. 15:00. Ljosmesse.  
Offer til eige arbeid.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, i kalenderen hjå lom.kommune.no. Lom Kyrkjekommune. Messer i Skjåk kyrkjekommune finn du her: <http://skjaak.kirken.no/>

# Årsmelding

## ORGANISERING

Lom kyrkjelege råd har ni medlemmar.

Leiar: Steinar Hov  
Nestleiar: Per Morten Mork  
  
Torstein K Garmo  
Eldri Bjørnstad Kolden  
Asbjørn Hansen  
Marit Sletten  
Randi Glimsdal Bakke

Frå kommunen: Arnstein Rusten  
Sokneprest: Einar Gelius u. fast prest

## Administrasjonsutvalet har fem medlemmar.

Frå fellestrådet:  
Asbjørn Hansen, leiar  
Steinar Hov  
Randi Glimsdal Bakke

Frå arbeidstakarane:  
Terje Blakarstugun  
Jonas Fjeld

Etter valet:

Bente K Ovesen Sulheim  
Per Morten Mork

Arild Løken  
Helge Husom  
Mina Rigmor Marstein  
Oluf Kvålshagen  
Mariann Helstad

Arnstein Rusten  
Birgitte Benzrød

Arild Løken  
Mariann Helstad  
Mina Rigmor Marstein

Terje Blakarstugun  
Guri Husom

### **Faste stillingar:**

Kyrkjeverje 75%, og 25% administrasjon for omvisarteneste : Borghild Skarelven

Kyrkjelydssekretær: 50% Guri Husom

Organist, 50% : Terje Blakarstugun

Kyrkjetenar Lom, Bøverdalen og Garmo kyrkje, 100%: Jonas Fjeld

Kyrkjegardsarbeidar, 50%: Terje Blakarstugun

Trusopplærar: Stillinga var ikkje besett pr 31.12.19.

### **OPPGÅVER OG ANSVAR FOR LOM KYRKJELEGE RÅD**

Lom kyrkjelege råd skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna, utarbeide mål og planer for den kyrkjelege verksemda i kommunen, fremja samarbeid mellom sokneråda og ivareta interessa til sokna i høve til kommunen.

Kyrkjeleg fellesråd er ansvarleg for

- a) bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer
- b) anlegg, drift og forvaltning av kyrkjegardar
- c) oppretting og nedlegging av stillingar som blir løna over budsjettet til fellesrådet
- d) syte for drift av kyrkjelyds- og prestekontor
- e) å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring

Lom kyrkjelege råd hadde 11 møte og behandla 52 saker.

Administrasjonsutvalet hadde 2 møter og behandla 3 saker.

### **RÅDSARBEIDET I 2019 – glimt frå noko av arbeidet som er gjort.**

Det var valår og tidleg start med valet, med oppnemning av nominasjonskomite i fyrste møtet.

1. mai skulle listene vere ferdige, og godkjennast i rådet. Framleis nyttast konvoluttar til kyrkjevalet både lokalt og Bispedømmerådsvalet. Annonsering, lokalar, røystesetlar for bispedømerådsvalet og lokalval skulle vere klare. Valet var i september.

Sokneprest Einar Gelius sa opp og hadde avskjed med Lom 2. juni. Utlysing av stillinga vart gjort etter at rådet hadde sett på den og gjeve ei uttale. Stillinga vart lyst ut, men ingen melde seg. Det vart ulike vikarar fram til det vart tilsett vikar i september: Tor Grindland. Han vart ut året. Prestestillinga har vore lyst ut fleire gonger utan napp.

Lomskyrkja vart skanna i 2018 men vart avslutta i 2019. Det er ei avtale med Riksantikvaren om å skanne nokre stavkyrkjer i Noreg. Vi skulle få ein rapport over arbeidet.

Alle reglement som gjeld kyrkjene vart gått gjennom og retta til dagens lovverk og avtaler.

Nyhuset vart beisa utvendig på dugnad. Nesten alt er ferdig beisa, og det vart eit anna inntrykk av bygget. Det var eitt års kontroll der huset vart sett over og retta på det som vart gjort merksam på. Ventilasjonsanlegget er det vi har venta lengst på at skulle gjerast noke med. Det vart kjøpt inn nytt kaffiservise med større koppar enn på det grøne vi hadde. Nytt middagsservise vart bestilt, men kom ikkje før på nyåret.

Til slutt vil vi framheve Omvisartenesta for Lomskyrkja som er ei avgjerande inntektskjelde for Kyrkjene i Lom. Overskotet går i si heilheit attende til kyrkjene. Takk til omvisarane og alle som er knytt til denne viktige tenesta.

## Kyrkjeblad for Lom

### RESSURSBRUKEN

	Rekneskapen 2019	Budsjett 2019
Driftsinntekter	5.567 186	5.011 500
Driftsutgifter	5.063 985	5.281 115
Finansinntekter	12.740	0
Netto driftsresultat	515 940	0
Bruk av avsetningar	765 822	765 822
Avsetningar	501 443	489 207
Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)	813 320	0

### FOND

Fond knytt til Lom kyrkjelege råd var pr 31.12.19:

	2019	2018
Bundne driftsfond, heile kr		
Blomefondet	147 694	147 694
Orgelfond Garmo	350 282	373 882
Kyrkjebladet	22 302	22 302
Hilda og T.T Garmos Legat	7 105	7 066
J. Slettedes Minnefond	22 687	22 563
Midler til trusopplæring	26 246	26 246
Vedlikehald Kyrkjelydshuset	50 000	0
Ubundne disposisjonsfond		
Disposisjonsfondet	1.026 555	1.123 972
Kyrkjegardsfond	100 842	100.842
Vedlikehald kyrkjer	93 697	93.697
Kateketstilling	175 894	175.894

### VERKSEMDA I 2019 (18 i parentes)

Messer og kyrkjelege handlingar

	Lom sokn	Garmo sokn	Bøverdalen sokn
Dåp	5 (14)	2 (1)	2(0)
Vigsel	5+1 (9)	1 (1)	0 (1)
Gravferd/urnenedsetting	16 (20)	7 (11)	1 (3)
Messe søn og heilagdag	17 (18)	7 (8)	10 (11)
Andre messer (helseheimen)	4 (11)	1 (2)	0 (2)
Konsertar/Musikkarr.	4 (4)	1 (2)	1 (1)

## Heim og ætt

### Døypte:

#### Lom:

- 21.06 Frida Skjåkødegård Gjeilo  
29.07 Ola Olsen  
02.08 Elsa Winther-Haugen  
Mathias Budsjord Vaagaasarøygard  
Felix Grasdalsmoen Orby  
Viljar Sætre Haug  
05.09 Lina Kolden  
Amandus Sørhage Haugen



#### Garmo:

- 24.05 Sander Lyngved  
02.08 Halvard Strind  
Erland Bernard Garmo

#### Bøverdalen:

- 23.08 Viljar Kirkeby Stee  
Ella Stamstad Oldren  
Liv Åsmundsdotter Løyland

### Jordfesta:

#### Garmo:

- 03.04 Ingunn Lyngved f. 1982  
07.04 Audun Inge Kjøk f. 1956



#### Lom:

- 29.05 Magnhild Teigen f. 1931  
29.05 Sigmund Krøkje f. 1944  
29.05 Eva Aukrust f. 1939 (Urnedesetjing)  
02.06 Anne Sveine f. 1943  
12.06 Gjertrud Øygard f. 1926  
26.06 Aase Ofigsbø Helland f. 1940  
30.06 Ellen Gulbrandsen f. 1957  
14.07 Amund Torstein Frøise f. 1945  
21.07 Margot Svaet f. 1946  
24.07 Kåre Marstein f. 1938  
04.08 Odd Johannes Haugom f. 1931

#### Bøverdalen:

- 03.04 Else Kvalshagen f. 1928  
15.07 Hanna Runningshaugen f. 1926  
31.07 Ingrid Gjenveig Stenersen f. 1921  
21.08 Fatima Nili Zouhar f. 1959

### Vigde:

#### Lom:

- 20.06 Agnete Jakola og Olav Bergon  
29.08 Hilde Teigen Døssland og Geir Edmund Moen  
05.09 Tonje Kristine Lien Barkenæs og Stein Magne Eggen



## Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med 4 nummer i året.

***Vi ynskjer å takke kvar einskild som har støtta bladet dette året, og oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Lom.***

Vi set også stor pris på at mange utanbygdes buande abonnerer på bladet. Dette året har vi hatt nær 30 adresser på abonnentlista, og vi tek gjerne imot fleire. Kanskje eit julegåvetips? Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår. Hugs berre å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt, og får ikkje sendt ut bladet. Det er fleire som har kome med attendemelding om at dei ikkje får kyrkjebladet i postkassa. Vi har varsla distributøren av bladet, og håpar dette rettar seg.



Fylg oss gjerne på Facebook! Du finn oss ved å søke opp Lom kyrkjekontor.

Dette året vert det av ymse årsakar berre 3 blad. Men vi kan lova dykk eit rikhaldig julenummer!



## Ledig stilling i Lom kommune!

### Vil du bli tenesteleiar for helse og velferd i ein gjestfri og nyskapande kommune?

Lom kommune har behov for utviklingsorientert og dyktig tenesteleiar med vilje og evne til å arbeide mot kommunen sine felles mål og satsingsområde.

Lom kommune er organisert etter prinsipp for to-nivå modell. Tenesteleiar helse og velferd er med i utvida leiargruppe i kommunen og rapporterer til kommunalsjef helse og omsorg. Lom kommune arbeider jамleg med å tilpasse og organisere drift ut frå behov og endringar i samfunnet. Kommunen har gode tenester og god fagkompetanse innan tenesteområdet. Tenesteleiar helse og velferd har det overordna ansvar for leggeteneste, helsestasjon- og skulehelsestene, svingerskapsomsorg, psykisk helsestene, kommunepsykolog, flyktningstene, fysioterapi- og ergoterapitene.

### Kvalifikasjonar

Vi ynskjer ein utviklingsorientert tenesteleiar med:

- relevant erfaring med helsestene og utvikling av desse
- kjennskap til velferdsteknologi og korleis å utnytte dette innan tenesteområdet
- evne til å samarbeide, inspirere og motivere
- god kommunikasjonsevne
- god forståing for samspel mellom politikk, administrasjon og tenesteyting
- minimum 3-årig helseutdanning frå høgskule/universitet, gjerne med relevant vidareutdanning

Tenesteleiar for helse og velferd må vera positiv, resultat- og utviklingsorientert. Lom kommune har som visjon å vere gjestfritt og nyskapande, med atferdskrav som løysingsorientert, offensiv og inkluderande.

Der er ein fordel med utdanning og erfaring innanfor økonomistyring og leiing. Personlege eigenskapar blir vektlagt.

Nærare opplysningar om stillinga kan du få ved å ta kontakt med kommunalsjef helse og omsorg: Synne Skogsrud, tlf. 99629016.

Aktuelle søkjarar vil bli kalla inn til intervju.

Namnet på søkjarane vil bli gjort offentleg.

Elektronisk søknad på: [www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no)

**Søknadsfrist: 30.09.2020**



Lom frivilligsentral fylger Folkehelseinstituttet sine smittevernsreglar. Og tek atterhald om endringar.

### VELKOMMEN!

Stad: Lom frivilligsentral

Tid: 11:30

**Torsdagar**  
Seniorans

(oktober)

Stad: Presthaugen (Steinfoset frå 14.

Tid: 11:00

Trimgruppe med lunsj etterpå

**Onsdagar**

Du kan ha med deg ditt eige handarbeid eller bli med å strikke sokkar, vottar, skjert og luer som blir levert til Frelsesarmeen.

Stad: Lom Frivilligsentral

Tid: 11:00

**Måndagar**  
Strikkegruppe

Lom frivilligsentral har fleire aktivitetar du kan delta på. Har du ikkje vore med før, er det berre å møte opp.

Lom frivilligsentral

**Lomfest 2020**  
Lomfest utgår i år slik vi kjenner den. Men fortvil ikkje - det blir Haustkveld under Lomseggen den 23. oktober! Så lenge koronaviruset tillet det. Vi får sjå fram til 2021 og gle oss til ein skikkeleg Lomfest neste år!

### Lomfest 2020

Med atterhald grunna Covid-19. Følg med på [www.bygdekinoen.no](http://www.bygdekinoen.no). Billettar og meir informasjon: [www.lom.no](http://www.lom.no) [facebook.com/utgardlleirbrukskus](https://facebook.com/utgardlleirbrukskus)

**2. okt**  
Kl. 18:00 – Trolls - Verdensturne  
Kl. 20:00 – Børning 3

**25. sept**  
Kl. 18:00 – Knutsen og Ludvigsen 2 - Det Store Dyret.  
Kl. 20:00 – Follow me

**UTGARD**

Kommande framsyningar på kino i

# Covid-19: Er du usikker på når du skal testast?

Folkhelseinstituttet tilrår at alle personar med symptom på Covid-19 skal testast raskast mogleg.

Covid-19 har ofte følgjande symptom: feber, hoste, tungpust, tap av smak- eller luktesans, sær hals, eller sjukdomskjenne.

Ungar i barnehage og barneskule med rennande nase som einaste symptom og god allmenntilstand, treng vurderer test. Ved rask betring, kan dei returnere til barnehage/skule utan test. Ved manglande betring skal dei testast.

Ungar i barnehage og barneskule med rennande nase som einaste symptom og god allmenntilstand, treng ikkje å halde seg heime eller testast.


Dersom ein skal testast, ta kontakt med legekontoret (beredskapsstasjonen: 481 65 519) for å avtale tid og stad. Alle som testast skal halde seg heime til negativt prøvesvar føreligg OG symptomata er borte/formen er som vanleg att. Ved positivt prøvesvar er det anna oppfølging. Sjå flytskjema frå FHI.

Har du spørsmål om korona så oppmodar vi deg til å sjå på FHI sine nettsider før du ringer legekontoret. Finn du ikkje svar kan du ringe beredskapsstasjonen: 481 65 519

Ved timebestilling som gjeld andre ting enn korona ringer du legekontoret: 61 21 72 00


Ved til dømes reseptfornying oppmodar vi deg til å nytte helsenorge.no. Her kan du og få direkte kontakt med fastlege via e-konsultasjon.

Hugs at du ikkje skal møte opp fysisk på legekontoret utan avtale.



Takk for at du vaskar hendene dine godt og ofte, hostar i papirlommetørkle og held avstand!

Lom kommune  
Sognefjellsvegen 6  
2686 Lom  
Telefon: 61 21 73 00



Telefon: 61 21 73 00  
post@lom.kommune.no  
lom.kommune.no

# Lomsnytt

Informasjon frå Lom kommune - nr. 2 2020